

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune

03 APR 2017

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1131 - 17/3722

Saksbehandlar:  
Jostein Klette  
jostein.klette@osteroy.kommune.no

Dato:  
30.03.2017

## Uttale til avgrensa høyring for regionale areal- og transportplan for Bergennområdet 2017-2028

Vi viser til dykkar brev dagsett 17.02.2014. Saka gjeld avgrensa høyring for regional areal og transportplan for Bergensområdet. Spesielt er det bede om innspel på om planen er tilstrekkeleg tydeleg på korleis planen vil bidra til å nå nasjonale og regionale klima- og miljømål og prinsippet om differensiert arealforvaltning.

Planen skal leggest til grunn av verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging i regionen. Den har ikkje juridisk bindande verknad men skal vera retningsgivande for kommunal areal- og transportplanlegging. Planen omfattar kommunane Bergen, Radøy, Meland, Lindås, Askøy, Fjell, Øygarden, Sund, Osterøy, Vaksdal, Samnanger og Os.

Plantema omfattar fem plantema og målsetningar:

- Senterstruktur og utbyggingsmønster
  - *Utbyggingsmønsteret i Bergensområdet skal vere arealeffektivt og klimavenleg basert på den regionale senterstrukturen. Hovudtyngda av veksten i arbeidsplassar og bustader skal kome innanfor regionale vekstsoner.*
- Regionalt transportsystem
  - *Bergensområdet skal ha eit miljøvenleg, effektivt og trygt transportsystem som sikrar mobilitet for befolkning og næringsliv. Veksten i persontransporten skal tas med kollektiv, sykkel og gange.*
- Bustadområde
  - *Bergensområdet skal ha attraktive og gunstig lokaliserte areal til bustad som dekker eit langsiktig behov.*
- Næringsareal og arbeidsplasser
  - *Bergensområdet skal ha attraktive og gunstig lokaliserte næringsareal som dekker eit langsiktig behov.*

- Natur, kulturmiljø og landskap
  - *Utbygging i Bergensområdet skal ta omsyn til naturmangfald, landskap, landbruk, kulturmiljø og friluftsliv. Arealbruken skal legge til rette for ein aktiv befolkning med god tilgang på samanhengande natur og friluftsområder og fremje kulturminna som identitetsskapande ressursar.*

### **Prinsipp om differensiert arealforvaltning**

Dette prinsippet legg til grunn at det er i dei regionale vekstsonene den største veksten vil kome. Transportgunstig lokalisering må vektast sterkt ved ei utbygging. Dei regionale vekstsonene er lagt til regionscenter og Osterøy kommune er ikkje ein del av dei regionale vekstsonene. Utanfor dei regionale vekstsonene er vekstvoluma lågare og transportomfanget mindre. Viktige arealverdiar bør prioriterast framfor transportreducerande utbygging. Det er peika på at Bergen kommune bør leggja til rette for at Arna må ha regionale funksjoner som står opp om kommunane aust for Bergen.

### **Kommunen si vurdering**

Planen byggjer på eit godt og breitt faktagrunnlag. Kommunen er samd i målsettingane og strategiane som ligg til grunn for nå måla om ei berekraftig vekst i Bergensområdet, der det må vera eit fokus på å ta mest mogleg av veksten i transport som kollektiv transport eller gange og sykkel i dei regionale vekstsonene. Vi er òg samde i at kommunane utanfor vekstsonene bør i si planlegging leggja til rette for å minimera transportbehovet.

Det er positivt at det er eit fokus på eit kollektivtilbod til sjøs i planen. Osterøy kommune meiner at det i større grad framover må vurderast løysingar for persontransport på sjø med teknologi som ikkje nyttar fossilt brensel. Det er vist til at dei strategiske føringane skal konkretiserast i ein Trafikkplan for båttilbodet i fylket (forventa vedtak hausten 2017). Kommunen vonar at vi kan verta involvert i denne planen.

For å sikre at kommunane kan følgje opp dei gode føringane i den regionale planen bør det leggjast opp til økonomiske støtteordningar som kan gje kommunane ressursar til å realisera ein miljøvenleg, effektiv og trygt transportsystem.

Med helsing

Laura Ve  
seksjonsleiar Plan og Teknisk forvaltning

Jostein Klette  
planleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

**Kopi til:**

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Statens Vegvesen region vest

Postboks 7310 5020  
Askedalen 4 6863

BERGEN  
LEIKANGER

**Mottakar:**

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900 5020

BERGEN

22#131:1be4173f-b2f4-4d7f-ad7b-26f201ea6c57.5